

KÅLÅS BYGG AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Dato	03.04.2023
Vår referanse	2023/40238-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Att.Lars Alvær Hagesæter

Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5496 - tilbygg - gnr. 108 bnr. 299 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 08.03.2023, som er vidaresendt frå Alver kommune.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for å oppføre ny/større terrasse på eksisterande bustad ca. 12,2 meter frå vegmidte, i tillegg til nytt inngangsparti ca. 30 meter frå vegmidte.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5496 Veråsvegen for å oppføre terrasse og å byggje nytt inngangsparti på eksisterande bustad på gnr. 108 bnr. 299 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 09.12.2022.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5496 Veråsvegen skal vera minst 12 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5496 Veråsvegen.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 600. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse viktig lokalveg jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier at der ÅDT er under 800 kjt/døgn og fartsgrensa er 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggegrensa vurderast. Krava i Teknisk forskrift om støy skal støttast.

Nytt inngangsparti vil ligge mot nord-aust av bustaden og ikkje kome nærare vegen enn eksisterande bygning. Ny/utviding av terrassen vil bli direkte mot fylkesvegen.

Det er regulert fortau langs fylkesvegen i plan 126316061994, men på andre sida av vegen frå eigedomen. Vi vurderer at tiltaka som det er søkt om ikkje vil komme i konflikt med bruken av eller siktsoner for fylkesvegen. Etter ei samla vurdering gjev vi dispensasjon for tiltaket.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Situasjonsplan - Teikningar tilbygg og terrasse.pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG